

Visste du at elevane dine dine kontaktar norske forfattarar og ber om hjelp til leksene? Les dette!

Dei fleste forfattarar blir glade for at elevar tek kontakt. Det er fint at elevane vil dele lesaropplevingane sine og stille spørsmål om teksten. Men det er ikkje alltid dei er like godt førebudd, og ofte opplever forfattarar at dei blir bedt om å gjere elevanes lekser. Kva kan lærarane gjere med dette?

- 1) Elevane tek gjerne kontakt med forfattarar på eige initiativ. Gjer dei difor kjent med køyrereglane.
- 2) Viss du vil at eit møte eller intervju med forfattaren skal vere ein del av norskoppgåva – inviter forfattaren på skulebesøk.
- 3) Dei fleste forfattarar føretrekkjer å bli kontakta på e-post framfor å bli oppringte eller kontakta på sosiale medium.
- 4) Det er fint om elevane får formidla at dei fleste forfattarar ikkje er interesserte i å forvandle sine eigne tekstar til ei liste med verkemiddel. Skjønnlitteratur er ikkje ei gåte med eitt rett svar. Eleven si tolking kan vere like rett som di eller forfattaren si tolking.

Norsk Forfattersentrum og Landslaget for norskundervisning (LNU) har gått saman om å lage enkle køyrereglar for korleis norsklærarar og elevar skal tilnærme seg forfattarar – og omvendt.